



Det meste av tømmeret frå "fastlands-Kvinnherad" går over Børnes og dette er lageret der akkurat no. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kvinnherad kom i 2007 på avvirkingstoppen i Hordaland og det meste av tømmeret frå "fastlands-kommunen" går over Børnes-kaien i Uskedalen, opplyser leiar Trond Holmedal i Søre Kvinnherad Skogeigarlag til uskedalen.no. Skogeigarlaget har to kaiar til – på Sydnes og Furuvik.

Også innan dette skogeierlaget sitt område var det ein pen auke i hogsten i fjor. Det er også planlagt ein betydeleg hogst i år, opplyser Holmedal.

Faktisk auka hogsten i Hordaland fylke mest i landet i 2007, med 49 prosent. Den runda 77.000 kubikkmeter og det er det meste som av hogd i fylket sidan 1996, opplyser landbruksavdelinga hos fylkesmannen. 85 prosent var gran. I tillegg kjem rundt rekna 30.000 kubikkmeter med ved. Kvinnherad enda på 8.650 kubikkmeter framfor Ulvik med 8.305 og Voss med 8.050.

Landbruksavdelinga skriv i rapporten sin at Kvinnherad sin topp-plassering var overraskande og at hogsten her ikkje minst skaut fart mot slutten av året. Men det kjem stadig meir tømmer frå skogreisningskommunar med mykje gran og det er grunn til å tru at granhaustinga endeleg er i ferd med å koma ut av startgropa.

Landbruksavdelinga trur det er gode sjansar for høg avvirking også dei nærmaste åra i Hordaland hvis prisane held seg gode. Godt hogstutstyr og stadig meir hogstmoden gran spelar også ein rolle i ein slik positiv prognose.

Av Ola Matti Mathisen